

---

---

# REFERAT ETTER ÅRSMØTET

## SKJONG BÅTFORENING

---

---

**STAD:** PSS CATERING

**DATO:** 3. MARS 2009 KL 20:00

**MØTTE:** 15 MEDLEMMAR

---

1. Innkallinga til årsmøte vart godkjent.
2. Saklista vart godkjent.
3. Trygve Bergem vart valt til ordstyrar og Sølve Grimstad til referent. Robert Skjong og Marvin Vik signerer årsmøteprotokollen.
4. Årsmeldinga for driftsåret 2008 vart opplesen av Trygve Bergem. Det kom innspel om at årsmeldinga burde innehalde talet på båtplassar i hamna Talet på plassar er 49, der 3 av dei er "halvplassar".
5. Kasserer Arne Klykken gikk igjennom rekneskapen. Rekneskapen er revidert og godkjent. Hovudposter i rekneskapen ligg på heimesida til foreininga: [www.skjonghamna.com](http://www.skjonghamna.com) Det var ingen kommentarar til rekneskapen.
6. Det vart vedteke at hamneavgifta i 2009 vert kr 200,- pr breiddemeter som i 2008. Medlemskontingenten er også uendra med kr 100,- pr år.  
Styret fortalde om status for utviding av hamna. Det førelåg ingen konkrete planar som årsmøtet kunne ta stilling til. Årsmøtet ga styret eit klart signal om at dei ønskjer at styret arbeider for å legge til rette for eit utviding av hamna, slik at fleire kan få båtplass. Det vart spesielt peika på at ein må ta kontakt med Kystverket for å få avklart planane for moloen enten det gjeld kjøp, eller forlenging av den avtalen vi har i dag. Årsmøtet ber om at styret jobbar fram forslag som medlemmane kan ta stilling til. Planar for utviding er ein arbeidskrevjande prosess som involverer mellom anna kommunen, grunneigarar, medlemmane, Kystverket, Fiskarlaget i tillegg til fleire som har private avtalar i hamna.
7. Valgkomitéen har bestått av Hans-Eirik Pettersen og Audun Stølen. Deira innstilling vart valgt ved akklamasjon.  
Dette er styret for foreininga i 2009:

Leiar	<i>Ronald Nordstrand</i>	<i>Fortsetter frå 2008</i>
Nestleiar / Skrivar	<i>Henrik Bakken</i>	<i>Fortsetter frå 2008</i>
Kasserer	<i>Arne Klykken</i>	<i>Valgt for 2 nye år</i>
Styremedlem	<i>Trond Remøy</i>	<i>Valgt for 2 nye år</i>
Styremedlem	<i>Kjell Gjerde</i>	<i>Valgt for 2 år</i>
Varamedlemmer	<i>Jan Ole Vinje</i>	<i>Valgt for 2 år</i>
	<i>Arne Johnsen</i>	<i>Fortsetter frå 2008</i>
8. Andreas Skjong og Steinar Bjerke held fram som revisorar.
9. Valgkomité i 2009 vert Hans-Eirik Pettersen og Audun Stølen som tidlegare.

---

Marvin Vik

---

Robert Skjong

---

---

## MØTEREFERAT

### MEDLEMSMØTE SKJONG BÅTFORENING

---

---

**DATO:** 3. MARS 2009

**MØTT:** 15 MEDLEMMER. MØTET VART HALDE I SAMBAND MED ÅRSMØTET.

---

Etter at årsmøtesakene var ferdigbehandla vart det halde medlemsmøte i Skjong båtforening. Medlemsmøtet starta med velsmakande smørbrød og kaffi som Per Ståle i PSS Catering serverte.

Vi diskuterte utbetringar og arbeid som vi ønskte å få gjort i 2009.

Her er noko av det som vart diskutert.

1. Den yttarste flytebrygga på pir2 treng ein ekstra pontong på enden. Dette skal vi ordne på dugnad.
2. Nye brannslukkingsapparat frå Gjensidige er opphengt i begge kaihusa
3. Hengslene mellom bryggene er no slitne og litt slarkete. Styret har sett på ein ny variant med gummidemping.
4. Kummen med vasskrana ved naustet til Trygve manglar lok. Dette må på plass.
5. Medlemsmøtet ville at styret skulle sjekke ansvarsforholda og kostnad med forsikring ved ei evt overtaking av moloen frå Kystverket.
6. Fleire opplevde at det var litt vanskelig å vite når det var dugnad i fjor. Medlemene meinte at innkalling til dugnad bør kunne sendast ut på e-post.
7. Vi minner om heimesida vår som er [www.skjonghamna.com](http://www.skjonghamna.com)

Solve Grimstad  
Ref.